

Strålende stafettinnsats.

28.02.2016



Ein sprek og munter gjeng med stafettløparar.

Uskedal idrettslag stilte med heile 8 lag då Kvinnheradsmeisterskapet i stafett vart arrangert i Fjellhaugen skisenter laurdag. Alle gjorde ein framifrå innsats, og det utløyste mykje både av spenning, lagkjensle og idrettsglede. Det vart kort sagt ei strålende oppleving i det fine veret med gode løypeforhold!



Barnerenna for dei aller yngste er populære.

Det vart konkurrert i tre klassar både når det galt jenter og gutar; - 8 - 12 år. 13 - 16 år og damer/herrar. I dei klassane der UIL hadde fleire lag, sette trenarane opp laga slik at dei skulle vera jamnast mogeleg. Det gjorde stafetten meir spennande og kjekkare. Uskedal idrettslag vann yngste guteklasse, jenter 13-16 år og dameklassen.

Ekstra spennande vart duellen mellom Uskedalen og Ternen i herreklassen. Ternen leia etter 1. etappe, men så innhenta Tor Vidar Sæle Ternen på midtetaspen. Dette gjorde at det vart svært spennande på siste etappen. Tord Sæle heldt lenge unna for Håvard Pedersen, men Håvard viste nok ein gong at han framleis kan gå svært godt på ski, og dermed glapp sigeren for UIL. I yngre dagar var jo Håvard Pedersen ein løpar som markerte seg med svært gode plasseringar både i NM og elles på nasjonalt nivå.



Solveig, Kari og Ingebjørg vart Kvinnhørsmeistrar i dameklassen.

UIL hadde 9 påmelde lag, men eit måtte trekkjast på grunn av sjukdom. Desse laga var påmeldt:

Gutar 8- 12 år :

Lag 1. 1. Pål Ingmar Haugland 2.Torbjørn Haugland 3.Tobias Hella Berge-Soldal

Lag 2. 1. Amund Hella Berge-Soldal 2. Olve Simonnes Tveit 3. Birk Sæle

Jenter 8-12 år:

1. Anna Elisabeth Samland Eik 2. Karoline Ertslund Myklebust 3. Emma Myklebust Ripel

Gutar 13-16år:

1. Brynjar Vigrestad 2. Jostein Soldal 3. Viljar Simonnes Tveit

Jenter 13-16år:

Lag 1. 1. Camilla Myklebust Ripel 2. Hanna Tvilde 3. Silje Soldal

Lag 2. 1. Kristine Tveit 2. Thea Taranger 3. Saima Lomheim Døssland

Damer

Lag 1. 1. Ingebjørg Haugland 2. Solveig Haugland 3. Kari Bråtun

Lag 2. 1. Kristine Tveit 2. Cathrine Haugland 3. Veslemøy Haugland

Menn

1. Johannes Haugland 2. Tor Vidar Sæle 3. Tord Sæle

Etter denne flotte stafetthelga ventar no renn på Vestlandske Skistemna på Voss laurdag 5.mars og Telenorrennet i Fjellhaugen torsdag 10.mars. I forkant av Telenorrennet vert det også barnerenn. Det var det også før stafettane laurdag med mange unge, ivrige og stolte deltakarar.



Karoline, Emma og Anna Elisabeth gjorde flott innsats.



Saima ventar spent på veksling!



Perfekt veksling!



God medaljefangst!

Foto: Gina Hella Berge-Soldal
Tekst og nett: Thor Inge Døssland